

Referat frå møte i skoleutvalet 13.10.25

Møtt:

- **Elevrepresentantar:** Joel Sveberg – 3AU (leiar), Mayla Nilssen Nordlund 1HO, Stine Kvendset 2HE, Oliver Kooyman Van 1TP og Vegard Lindvåg Bolme 2IN.
- **Føresette:** Møyfrid Torvik Røkkum (vg1), Kristin Børset (vg2)
- **Representantar frå det lokale samfunns- og næringsliv:** Robin Tellesbø - fabrikkssjef Pipelife/næringslivet, Mons Otnes - Kommunedirektør Rindal, Hugo Pedersen - ordførar Surnadal
- **Representant for dei tilsette:** Per Arne Hyldbakk
- **Representant for skoleeigar/fylkeskommunen:** Hilde Andersen - rektor

Agenda:

1. Skoleutvalet – roller og mandat, konstituering
2. Om skolen
3. Skolemiljø
4. Status økonomi
5. Status høyring tilbod- og skolestruktur
6. Kva ynskjer skoleutvalet å arbeide med?
7. Eventuelt

Skoleutvalet – roller og mandat, konstituering

Alle skolar skal ha eit skoleutval. Skoleutvalet er eit rådgjevande organ som har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen. Utvalet skal planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skolereglar. Utvalet skal vera samansett av 3-4 elevrepresentantar, 2 føresette, 1-2 samfunnskontaktar, 1 representant for dei tilsette og rektor. Utvalet skal ha minimum 3 møter per år, elevane kan be om fleire møter. Rektor har rett til å møte, tale og kome med framlegg.

Skoleutvalet skoleåret 25-26:

Skoleutvalet ved Surnadal vgs er samansett slik skoleåret 25-26:

- **Elevrepresentantar: Elevrådsstyret (dei som får det til møter):** Joel Sveberg – 3AU (leiar), Milla S. Aasen – 3ST (nestleiar), Mayla Nilssen Nordlund 1HO (referent), øvrige styremedlemmar: Stine Kvendset 2HE, Oliver Kooyman Van 1TP, Vegard Lindvåg Bolme 2IN, Haakon Sundli Segtnan 1ST,
- **Føresette, ein frå vg1-nivå og ein frå vg2-nivå (vald for 1 år):**
Møyfrid Torvik Røkkum (vg1), Kristin Børset (vg2)
- **Representantar frå det lokale samfunns- og næringsliv (vald for 2 år):**

- Robin Tellesbø - fabrikkssjef Pipelife/næringslivet (vara frå organisasjonen), Mons Otnes - Kommunedirektør Rindal (vara frå organisasjonen). Hugo Pedersen - ordfører Surnadal (vara frå organisasjonen)
- **Representant for dei tilsette (vald for 2 år)**
Per Arne Hyldbakk (vara frå organisasjonen)
- **Representant for skoleeigar/fylkeskommunen:**
Hilde Andersen - rektor (vara: Kristin Holten - ass. rektor)

Hugo Pedersen vart vald til leiar av skoleutvalet, Kristin Børset vart vald til nestleiar og Hilde Andersen til referent.

Møter gjennomførast i utgangspunktet i skoletida, slik når vi elevane. Helst fysiske møter, men deltaking via Teams er betre enn å ikkje delta. Meld frå om behov for møtegodtgjering.

Om skolen

Skolen har 13 klassar fordelt på 5 utdanningstilbod: Helse- og oppvekstfag, elektro og datateknologi, bygg- og anleggsteknikk, teknologi- og industrifag og studiespesialisering. Samla har skolen plass til 241 elevar, per dato har vi fylt opp 203 av desse plassane. 154 av elevane er frå Surnadal kommune, 39 frå Rindal og Heim og 10 frå andre kommunar.

Skolemiljø

Eit viktig område å følgje opp for skoleutvalet er elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar inkludering, trivsel og læring. Dette ansvaret som skoleutvalet har presiserast spesielt.

Status økonomi

Per 2. tertial låg skolen an til eit meirforbruk ved årsslutt -25 på **1 476 182,-**. Rekneskapstala for andre tertial -25 syner at skolen bruka **300 526,-** mindre samanlikna med same periode i periode i -24.

I hovudsak skuldast meirforbruket at skolen vel å halde breidda i fag- og timetilbodet, dette krev større ressurs enn tildelt ressurs. Det er også ei grense for kor mykje ein kan redusere før dette går ut over eit pedagogisk forsvarleg tilbod til elevane. Skolen dreg med seg eit meirforbruk frå år til år, eksempelvis 700 000 frå 2024 til 2025. Skolen sitt budsjett går med til løn og det er lite att til materiell og utstyr til undervisninga.

Status høyring tilbod- og skolestruktur

Rektor orienterte om den politisk saka om tilbod- og skolestruktur. Skoleutvalet har sendt inn høyringsuttale. I høyringa inviterast det til å kome med innspel til den politiske saka som skal endeleg vedtakast i desember, kor mellom anna påbygg til generell studiekompetanse føreslått teke ut frå tilbodsstrukturen til Surnadal vgs. Skoleutvalet argumenterer sterkt for at påbygg

framleis skal vera eit tilbod i Surnadal. Skoleutvalet uttalar seg også om fleire andre moment i [uttalen som er sendt inn](#). Saka skal behandlast politisk i november/desember, med endeleg vedtak i fylkestinget 9.- 10. desember.

Kva ynskjer skoleutvalet å arbeide med?

Vi drøfta kva utvalet ynskjer å arbeide med dette skoleåret:

- Felles krafttak i alle ledd for å belyse den stadig dårlegare økonomien i distrikta. Denne negative utviklinga må snu, då den får direkte konsekvens for rekrutteringa til arbeidslivet. Behovet for arbeidskraft er større enn nokon gong!
- Arbeide for eit godt og breitt tilbod ved Surnadal vgs, spesielt på vg1. Både kortsiktig og langsiktig. Eit godt tilbod er grunnleggande viktig for å kunne bestå som skole. Å bevare Surnadal vgs er særskild viktig for å sikre arbeidskraft i regionen framover.
- Behalde påbygg til generell studiekompetanse ved Surnadal vgs. Viser elles til kapittel om dette i skoleutvalet sin høyringsuttale ([lenke over](#)).
- Trøndelagsavtalen: Avtalen gir ungdom frå Rindal og gamle Halså rett til å søkje skoleplass ved Surnadal vgs. Avtalen er særskild viktig for desse ungdommane, sidan Surnadal for mange er den naturlege bo- og arbeidsregionen. Viser elles til kapittel om dette i skoleutvalet sin høyringsuttale ([lenke over](#)).
- Fleire hyblar: Det er få tilgjengelege hyblar og dei hyblane som finst er langt unna skolen. Mangel på hybel gjer at enkelte elevar takkar nei til skoleplass hjå oss. Hyblar langt unna både skole og sentrum er også ei utfordring med tanke på trivsel.
- Fråværsreglementet: Kva som reknast som godkjend fråvær og ikkje. Frustrasjon knytt til at helse ikkje reknast som godkjend fråvær.
- Arbeide for trivsel, inkludering og god psykisk helse:
 - o Skoleutvalet ynskjer å setje fokus på god psykisk helse og hindre utanforskap.
 - o Skoleutvalet kan arrangere for eksempel open dag eller frukost for elevane.
- Fokus på beredskap.

Forslag på tidspunkt neste møte: Tysdag 4. november klokka 13.00 – 14.30.

Surnadal, 20.10.25

Hilde Andersen

referent